



Astrid Horghagen Tvedt
Gangstøvegen 32
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2719 - 17/598

Saksbehandlar:
Kjersti Møllerup Subba
kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no

17.01.2017

Vedr. endring av Områderegulering for Frekhaug senter

Vi viser til din e-post av 08.01.17 om at du framleis ventar på svar på brevet datert 14.12.15 som du sendte i samband med oppstart av reguleringsendring for Områderegulering for Frekhaug senter. Dessverre har ikkje saka om reguleringsendring vore prioritert pga. manglande sakshandsamingskapasitet.

Reguleringsendringa vert handsama i Utval for drift og utvikling (UDU) sitt møte den 24. januar. Møtet vert halde på Rådhuset og er ope for publikum. Innspelet ditt ligg som vedlegg til saka saman med dei andre innspela som kom i samband med varsling av oppstart av planarbeid. Sakskartet vert lagt ut på kommunen sine nettsider om lag ei veke før møtet vert halde:
<http://www.meland.kommune.no/utval-for-drift-og-utvikling.298813.nn.html>.

Dersom UDU tek administrasjonen si innstilling til følgje, vert forslaget til reguleringsendring lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i minimum 6 veker. Aktuelle grunneigarar, naboar og høyringsinstansar vert då tilskrivne på nytt, med høve til å kome med merknader til reguleringsendringa. Saka vert deretter tatt opp til ny handsaming i UDU saman med dei innkomne merknadene. Reguleringsendringa vert endeleg vedteken i kommunestyret.

Dette til orientering.

Med helsing

Kjersti Møllerup Subba
Rådgjever

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Astrid Horghagen Tvedt

Gangstøvegen 32 5911

ALVERSUND